



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/174-11

Sakshandsamar: Gunhild Austjord

### Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	27.04.2022	40/22
Kommunestyre	10.05.2022	37/22

## 123/31 - Framlegg til reguleringsplan for Digernes II - Slutthandsaming

### Vedlegg

- 1 Saksframlegg med vedtak
- 2 Planomtale for Digernes 2.pdf
- 3 Reguleringsføresegn for Digernes 2.pdf
- 4 ROS-analyse.pdf
- 5 Resultat av arkeologisk registrering - Reguleringsplan - Digernes - gbnr 123-31
- 6 Uttalelse til reguleringsforslag - Tokke - del av 123\_31 - Digernes II - reguleringsplan.pdf
- 7 Uttale til offentlig ettersyn - reguleringsplan Digernes II - gbnr. 123-31 - Tokke kommune.PDF
- 8 Uttale til reguleringsplan Digernes II og Fyrå

### Bakgrunn for saka:

Framlegg til reguleringsplan for Digernes II blei vedteke og lagt ut til offentlig ettersyn i sak 10/22, den 16. februar 2022.

Planområdet gjeld 13 daa og planen gjer framlegg om tre nye tomter med høg sanitær standard i tillegg til regulering av to eksisterande hytter innanfor planområdet. Planen har PlanID 20200003. Området er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til byggeområde for fritidsbustader, med krav om reguleringsplan for nye byggje-/ anleggstiltak.

Planen legg til rette for vinterparkering og tilkomst/ avkøyring frå Fv 450 som løysast via eksisterande avkøyring på naboeigedom 123/30.


Det har kome inn tre høyringsfråsegner til planframlegget:

Vestfold og Telemark fylkeskommune har følgjande merknader:

Dei fremjar ein vesentleg merknad til planforslaget grunngjeve med omsynet til trafikktryggleiken på fylkesvegen. Fri-sikt og fysisk utforming av avkøyringa må sikrast i planen i tråd med normalar gitt i Handbok N100, veg- og gateutforming og Handbok V121, geometrisk utforming av veg- og gatekryss. I reguleringsføresegnene må det setjast rekkefylgjekrav til at tiltaka vert gjennomført før nye fritidsbustadar vert teke i bruk. Det må stillast krav til at detaljerte byggeplanar for avkøyrsla er godkjend av Vestfold og Telemark fylkeskommune før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket. Internveg til nye fritidsbustader må ikkje komma nærmare fylkesvegen enn dagens enkle veg til dei eksisterande fritidsbustadane

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har, på bakgrunn av dei nasjonale interessene dei er sette til å vareta, ingen merknader til planforslaget.

Skafsåheia løypelag har ingen merknader til planframlegget.



Figur 1 - Oversiktskart - Digernes II merke med raud sirkel

## Vurdering

Planframlegget må som følgje av innspela frå fylkeskommunen rettast opp når det gjeld utforming av avkøyring og føresegner knytt til dette. Ut over dette syner me til planmaterialet, utgreiingane og saka ved 1. gongs handsaming som følgjer vedlagt. Planen kan slutthandsamast og godkjennast med desse endringane.

## **Kommunestyre si handsaming av sak 37/2022 i møtet den 10.05.2022**

### **Røysting**

Kjell Magne Grave stilte spørsmål om han var ugild i saka.  
Det var samrøystes vedteke at Grave var ugild.

Formannskapetets vedtak var samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

I medhald av Plan- og bygningslova § 12 – 12 vert framlegg til reguleringsplan for Digernes II, del av gnr 123 bnr 31, vedteken med følgjande endringar:

1. Frisikt og fysisk utforming av avkøyringa må sikrast i tråd med normalar gitt i Handbok N100, veg- og gateutforming og Handbok V121, geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Detaljerte byggeplanar for avkøyrsla må vere godkjend av Vestfold og Telemark fylkeskommune før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket.

2. I reguleringsføresegnene må det setjast rekkefylgjekrav om at tiltaka i pkt 1 vert gjennomført før nye fritidsbustadar vert teke i bruk.

3. Internveg til nye fritidsbustader må ikkje komma nærmare fylkesvegen enn dagens enkle veg til dei eksisterande fritidsbustadane.

Føresegner og plankart i pdf og SOSI-format må rettast opp som følgje av endringane.

---

## **Formannskap si handsaming av sak 40/2022 i møtet den 27.04.2022**

### **Røysting**

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

I medhald av Plan- og bygningslova § 12 – 12 vert framlegg til reguleringsplan for Digernes II, del av gnr 123 bnr 31, vedteken med følgjande endringar:

1. Frisikt og fysisk utforming av avkøyringa må sikrast i tråd med normalar gitt i Handbok N100, veg- og gateutforming og Handbok V121, geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Detaljerte byggeplanar for avkøyrsla må vere godkjend av Vestfold og Telemark fylkeskommune før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket.

2. I reguleringsføresegnene må det setjast rekkefylgjekrav om at tiltaka i pkt 1 vert gjennomført før nye fritidsbustadar vert teke i bruk.

3. Internveg til nye fritidsbustader må ikkje komma nærmare fylkesvegen enn dagens enkle veg til dei eksisterande fritidsbustadane.

Føresegner og plankart i pdf og SOSI-format må rettast opp som følgje av endringane.

---

### **Kommunedirektørens tilråding**

I medhald av Plan- og bygningslova § 12 – 12 vert framlegg til reguleringsplan for Digernes II, del av gnr 123 bnr 31, vedteken med følgjande endringar:

1. Frisikt og fysisk utforming av avkøyringa må sikrast i tråd med normalar gitt i Handbok N100, veg- og gateutforming og Handbok V121, geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Detaljerte byggeplanar for avkøyrsla må vere godkjend av Vestfold og Telemark fylkeskommune før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket.
2. I reguleringsføresegnene må det setjast rekkefylgjekrav om at tiltaka i pkt 1 vert gjennomført før nye fritidsbustadar vert teke i bruk.
3. Internveg til nye fritidsbustader må ikkje komma nærmare fylkesvegen enn dagens enkle veg til dei eksisterande fritidsbustadane.

Føresegner og plankart i pdf og SOSI-format må rettast opp som følgje av endringane.